




**Midt-Telemark  
kommune**



# **PLANARBEID I MIDT-TELEMARK**

**2020-23**

Planstrategi for Midt-Telemark kommune, vedtatt 25.5.20  
Endring av prioriterte planar, vedtatt 1.11.2021

## Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Planstrategien .....	3
3	Plansystemet i Midt-Telemark kommune.....	4
	Samanhengen i plansystemet.....	4
	Definisjonar og behandling av planar .....	5
	Organisering av planarbeid.....	5
	4-årshjul og årshjul.....	5
4	Utfordringar for Midt-Telemark kommune .....	6
5	Nasjonale og regionale føringar for kommunal planlegging .....	7
	Nasjonale føringar og forventningar.....	7
	Regionale føringar og planar.....	7
6	Kva for planar har vi og kva er under utarbeiding? .....	7
	Kommuneplanen.....	7
	Geografiske kommunedelplanar.....	8
	Tematiske kommunedelplanar .....	8
	Andre planar som er under utarbeiding .....	8
7	Behov for endringar eller nye planar? .....	8
	Kommuneplanen.....	8
	Andre tematiske planar .....	9
	Andre arealplanar .....	10
8	Prioriterte planar i 2020-23 .....	10

*Forsidefoto: Evjudalen, fotograf Fotopeter (Peter Jørgensen)*

## 1 Innleiing

Frå 1.1.2020 er Midt-Telemark ein ny kommune, beståande av tidlegare Sauherad og Bø kommunar. Kommunesamanslåinga vil prege mye av arbeidet i denne kommunestyreperioden.

Den nye kommunen byr på eit mangfald av moglegheiter, men har eit stramt økonomisk handlingsrom i perioden. Berre i økonomiplanperioden fram mot 2023 må ein redusere kostnadane med om lag 40 millionar kroner, og effekten av koronaepidimien på kommuneøkonomien er førebels ukjent. Kommunen vil ikkje klare dei økonomiske måltala som kommunestyret har vedteke for den nye kommunen. Samtidig står Midt-Telemark kommune ovanfor store utfordringar og prioriteringar knytt til mellom anna demografiske endringar med auke i talet på eldre, klimaendringar med krav til nye kostnadskrevjande tiltak og auke i forskjellar i levekår. Den nye kommunen ligg i eit nytt fylke, Vestfold og Telemark. Fylkessamanslåinga vil og prege denne kommunestyreperioden.

Kommunen har fleire verkemiddel for å påverke samfunnsutviklinga. Får vi til eit godt samspel mellom politikarar og administrasjon, og dei som bur, studerer, arbeider, besøker og driv næringsverksemd i Midt-Telemark, kan vi få til mye. Målretta, felles innsats gir kraft og resultat.

Planar er verkty for å bli einige om felles mål og prioriteringar og kva vi vil gjere for å nå måla. Planlegging skal sikre openheit, forutsigbarheit og medverknad for alle berørte. Planstrategien er ikkje ein plan, men legg føringar for kommunen si planlegging og prioriteringar i denne kommunestyreperioden.

## 2 Planstrategien

Ifølge plan- og bygningslova skal kommunestyret i starten av sin periode utarbeide ein planstrategi for 4-årsperioden. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, sjå [utfordringsnotat for Midt-Telemark kommune](#), og mål og strategiar for ønska samfunnsutvikling, sjå [kommuneplanens samfunnsdel](#).

Planstrategien skal ta stilling til om gjeldande kommuneplan skal reviderast. Kommunedirektøren tilrår at kommuneplanens samfunnsdel vidareførast slik han ligg føre. Denne planen vart utarbeidd gjennom ein brei prosess i Sauherad og Bø som eit sentralt dokument i samanslåingsprosessen, der vesentlege retningsval for ny kommune vart nedfelt. Planen har fokus på at ein skal bygge ein ny organisasjon, noko som vil prege kommunen i denne perioden. I neste periode vil den nye kommunen vere over i ein ny fase og det vil vere naturleg å vurdere behovet for ein ny samfunnsdel.

Arbeidet med ny arealdel og kommunedelplanar for dei tre store sektorane helse, oppvekst og teknisk har allereie starta opp fordi dette var prioritert i planstrategien for førre periode. Planane følgjer opp føringane i samfunnsdelen.

I planstrategien ligg prinsippa for plansystemet for ny kommune. I ny kommune er det ønskjeleg å rydde i plantypar og plannivå og styrke planane som styringsverktøy ved å forsterke kopplinga mellom plan og økonomi gjennom økonomiplanen.

Forslag til planstrategi skal gjerast offentleg kjent minst 30 dagar før kommunestyret si behandling, jf plan- og bygningslova § 10-1.

### 3 Plansystemet i Midt-Telemark kommune

#### Samanhengen i plansystemet

**Kommuneplanen** er det øvste styringsdokumentet og består av samfunnsdel, arealdel og fireårig handlingsdel. Planen gir rammer for utvikling av kommunesamfunnet og forvaltning av areal i eit 12-årsperspektiv. Planen er førande for meir detaljerte planar og budsjett. Det skal vere sterke koplingar mellom samfunns- og arealdel og mellom samfunnsdel og handlingsdel og økonomiplan.

- *Samfunnsdelen* er den viktigaste overordna planen og verkty for heilskapleg planlegging for berekraftig samfunnsutvikling, politisk styring og medverknad. Langsiktige mål og strategiar.
- *Arealdelen* omfattar heile kommunen, er juridisk bindande og skal sikre at arealbruken bidrar til å nå mål i samfunnsdelen. Består av planomtale, plankart og bestemmelser og er styrande for reguleringsplanar og utbyggingstiltak.


**Økonomiplanen med handlingsdel for kommuneplanen** skal gi ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver. Det skal gå tydeleg fram kva kommunen skal gjere for å nå måla i samfunnsdelen på kort og lengre sikt. Økonomiplanen skal omfatte minst 4 år og reviderast årleg.

**Årsbudsjett** konkretiserer økonomiplanen, er inndelt i ein driftsdel og ein investeringsdel.

**Kommunedelplanar** omfattar geografiske område eller tema for å følge opp utvalde mål i samfunnsdelen eller konkretisere arealbruken for eit område. Skal ha ein årleg handlingsdel.

**Reguleringsplan** er ein arealplan for eit avgrensa område og består av planomtale, kart og bestemmelser.

- *Områderegulering* er ein kommunal plan som brukast der det er behov for å gjere områdevise avklaringar. Kommunen kan overlate til andre å utarbeide planforslag.
- *Detaljregulering* er ein detaljert reguleringsplan for eit avgrensa område.



## Definisjonar og behandling av planar

I tillegg til plan- og styringsdokument som er definert i lovverket, er det behov for andre planar. Klare definisjonar av plantypene er avgjerande for effektivitet i planlegginga og for å lette diskusjonane om kva planverktøy som er mest nyttefull for å løyse ei utfordring. Følgande definisjonar leggast til grunn for planlegging i Midt-Telemark og er illustrert i Figur 1:

- *Melding*: Når det er behov for å drøfte og belyse eit tema som er viktig for utvikling av kommunen, utan at det vert foreslått mål, strategiar eller tiltak.
- *Strategi*: Meir overordna enn temaplanar fordi dei ikkje utviklar tiltak og skal vise retning.
- *Temoplan*: Mest omfattande, har mål, strategiar og tiltak. Ved å definere tiltak, har temaplanar meir direkte økonomiske konsekvensar enn strategiane. For område med behov for brei medverknad, må det vurderast om temaplanen skal utarbeidast som ein kommunedelplan, med dei prosesskrav som gjeld etter plan- og bygningslova.
- *Handlingsplan*: Tiltak for oppfølging av ein allereie vedtatt strategi eller plan. Hovudutval eller formannskap vil difor i hovudsak vedta handlingsplanar. Handlingsplanar til kommunedelplanar reviderast årleg som del av økonomiplanprosessen

Kvart 4. år, i forkant av arbeid med ny planstrategi, utarbeidast eit utfordringsdokument som skal innehalde ein oppdatert folkehelseoversikt jf folkehelselova §§5 og 6.




Figur 1 Definisjon av ulike samfunnsplanar (bearbeidd frå Asplan Viak)

## Organisering av planarbeid


Planarbeid i Midt-Telemark kommune skal organiserast som prosjekt. Planarbeidet skal starte med ein enkel prosjektplan som avklarar mandat, plantype, organisering, ressursbruk og oppfølging etter vedtak. For å sikre at planar får reell betydning, er det avgjerande med eit system som sikrar økonomisk inndekning gjennom handlingsplanar som følgast opp i økonomiplanen.

## 4-årshjul og årshjul



Figur 2 viser korleis planlegging og økonomistyring heng saman gjennom året og gjennom kommunestyreperioden i Midt-Telemark kommune. Vesentleg for å lykkast med samankopplinga mellom plan og økonomi er at resultat innanfor tenesteproduksjon, organisasjon, samfunnsutvikling og økonomi vert vurdert opp mot mål i samfunnssdelen kvar vår som grunnlag for ny økonomiplan med handlingsdel.

Ny samfunnssdel bør utarbeidast i starten av kvar kommunestyreperiode, etter planstrategien, slik at den kan fungere som politikarane sitt styringsdokument i resten av perioden. Revisjon av arealdelens kan gjennomførast parallelt med eller i etterkant av ny samfunnssdel. Kvart kommunestyre vil avgjere dette i sin planstrategi.



Figur 2 Fireårshjul og årshjul for plan og økonomi i Midt-Telemark kommune

## 4 Utfordringar for Midt-Telemark kommune

Utviklingstrekk og utfordringar for Midt-Telemark er oppsummera i eit [utfordringsnotat](#) frå hausten 2019. Sentrale utviklingstrekk som utfordrar kommunen som tenesteprodusent, organisasjon og samfunnsutviklar:

- Strammare økonomiske rammer og fleire oppgåver leggast til kommunen
- Demografisk utvikling – flere eldre og ein lågare andel yrkesaktive
- Klimaendringar
- Aukande forskjellar i levekår
- Føringar og forventningar om saumlause og tilpassa tenester, medverknad og samskaping

I løpet av 2020 vil restriksjonane knytt koronaepidimien føre til store utfordringar for lokalt næringsliv generelt, og reiseliv og handel spesielt, auka arbeidsløyse og redusert aktivitet og inntekt for frivillige lag og organisasjonar. Kva effekt restriksjonane og epidimien vil få for folkehelsa er førebels uklart.

Folkehelsearbeidet skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale forskjellar i helse. Kommunen skal ha oversikt over folkehelsetilstanden i befolkninga og legge denne oversikten til grunn for all kommunal planlegging, jf. folkehelselova. Oversikt over folkehelse-tilstanden er omtalt i [utfordringsnotatet](#). Sentrale utfordringar:

- Sosial skilnad i helse - Helseforskjellane mellom dei med høg utdanning og låg utdanning aukar. Eit aukande tal barn veks opp i familar med låg inntekt

- Psykiske helseplager – Ein aukande del av befolkninga er plaga av einsemd og psykiske helseplager

## 5 Nasjonale og regionale føringerar for kommunal planlegging

### Nasjonale føringer og forventningar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. I [forventningane for perioden 2019-23](#) peiker regjeringa på fire store utfordringar:

- Å skape et bærekraftig velferdssamfunn
- Å skape et økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning
- Å skape et sosialt bærekraftig samfunn
- Å skape et trygt samfunn for alle

Regjeringa vil at FN sine 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane, og at dei skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. I tillegg er det ei rekke lover og statlege planretningslinjer som legg føringerar for kommunale planlegging og som kan gje grunnlag for motsegn.

### Regionale føringer og planar

Fylkeskommunen er våre regionale folkevalde og har ansvar for å utarbeide regionale planar i samarbeid med kommunane. Fylkeskommunen skal utarbeide sin eigen planstrategi ein gong kvar valperiode med utviklingstrekk og utfordringar i Vestfold og Telemark. Forslag til regional planstrategi har ikkje blitt sendt ut før sluttbehandling av planstrategi for Midt-Telemark kommune.

Fylkeskommunen utarbeider regionale planer for ulike tema med prioriteringar og val for utvikling i regionen. Regionale planer skal legges til grunn for kommunal planlegging og kan gi grunnlag for motsegn. Ifølgje Vestfold og Telemark fylkeskommune er det sannsynleg at regional planstrategi vil legge opp til at mange av dei [gjeldande regionale planane](#) vil bli vidareført i ny planstrategi.

## 6 Kva for planar har vi og kva er under utarbeiding?

### Kommuneplanen

[Kommuneplanens samfunnsdel](#) for Midt-Telemark vart vedtatt våren 2019. Planen løftar fram fire satsingsområde for ei ønska samfunnsutvikling, med mål og strategiar innanfor desse:

- SAMAN SKAPAR VI FRAMTIDA - *demokrati, identitet og samskapning*
- SAMAN SKAPAR VI FRAMTIDA - *attraktivitet for næring, bustad og besøk*
- SAMAN SKAPAR VI FRAMTIDA - *livskvalitet og levekår*
- SAMAN SKAPAR VI FRAMTIDA - *innovativt, smart og grønt Midt-Telemark*

Samfunnsdelen er ikkje strukturert etter FN sine berekraftsmål, men innhaldsmessig bygger mål og strategiar opp under berekraftmåla.

Arealdelen av kommuneplanen skal følge opp samfunnsdelen. Gjeldande [arealdelar](#) vart vedtatt i 2015 i Sauherad og i 2017 i Bø. Planprogram for arealdelen er godkjent, og ny plan skal vere gjeldande før sommaren 2021.

## Geografiske kommunedelplanar

For delar av Lifjellområdet gjeld eigen [kommunedelplan](#) (2014). Planprogrammet for ny arealdel legg opp til at Lifjellplanen inngår i ny arealdel og ikkje vidareførast som eigen plan, men ein ser no behovet for ein reisemålsprosess for å avklare i kva retning destinasjonen skal utviklast i framtida før ein opnar for å gjere endringar i arealbruk. Det er difor lagt opp til rullering av kommunedelplanen i slutten av planperioden.

## Tematiske kommunedelplanar

Sauherad og Bø har følgjande gjeldande felles kommunedelplanar:

- Interkommunal [kulturminneplan](#) for Sauherad og Bø 2016-28
- Klima og energiplan for hhv. Sauherad og [Bø](#) 2010-20

Følgande kommunedelplanar er vedtatt for Bø kommune:

- [Kunst og kultur](#) 2015-27
- [Idrett og fysisk aktivitet](#) 2016-28
- Flyktningpolitikken

Planprogram for kommunedelplanar for dei tre største sektorane helse, oppvekst og teknisk er godkjent og sluttbehandling er planlagt i løpet av 2020 og første kvartal 2021.

## Andre planar som er under utarbeiding

- Arbeid med strategisk næringsplan, inkludert landbruk, har starta opp saman med Nome. Planforslag vil bli lagt fram vår 2020.
- Sykkelplan for Bø er vedtatt. Sykkelnett for Sauherad er under planlegging som del av Bygdpakke Midt-Telemark og samla sykkelplan for ny kommune blir lagt fram vår 2020.
- Kommunen må ha ein trafikktryggleiksplan for å kunne søke om tilskot til tiltak frå fylkeskommunen. Planen blir sluttbehandla våren 2020.
- Overordna ROS-analyse for Midt-Telemark vart lagt fram for kommunestyret i 2019 og skal følgjast opp med ein beredskapsplan i 2020.
- Det er behov for ein strategi for frivillig sektor som fastset korleis ny kommune skal legge til rette for frivilligheita jf mål i samfunnssdelen om ein sterk og aktiv frivillig sektor. Arbeidet har fått tilskot frå fylkeskommunen og gjennomførast i 2020 med sluttbehandling i 2021.
- Handlingsplan for vald i nære relasjonar: Utarbeidast av undergruppe av politirådet og vil vere ferdig hausten 2020.

## 7 Behov for endringar eller nye planar?

### Kommuneplanen

Kommuneplanens samfunnsdel vart utarbeidd gjennom ein brei prosess i Sauherad og Bø som eit sentralt dokument i kommunesamanslåinga, der vesentlege retningsval for ny kommune vart nedfelt. Planen har fokus på at ein skal bygge ein ny organisasjon, noko som vil prege kommunen i denne perioden. I neste periode vil den nye kommunen vere over i ein ny fase og det vil vere naturleg å vurdere behovet for ein ny samfunnsdel. Ei rekke prosessar og planarbeid er sett i gang på bakgrunn av mål og strategiar i samfunnssdelen for Midt-Telemark kommune. I ein normalsituasjon vil det vere gunstig å revidere samfunnssdelen i starten av valperioden, men i denne perioden bør bygging av ny kommune ta utgangspunkt i planen som vart utarbeidd i slutten av førre periode nettopp for å bygge ny kommune.

Arbeidet med ny arealdel og kommunedelplanar for dei tre største sektorane oppvekst, helse og teknisk har starta opp fordi dette var prioritert i planstrategien for førre periode. Planane bygger på føringane i samfunnsdelen.

### Andre tematiske planar

Arbeidet med å bygge ny kommune vil krevje mykje kapasitet frå politikarar og administrasjon i denne perioden. Planarbeidet bør difor prioriterast nøyne, slik at ein sikrar at det er tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre det planarbeidet som vert vedtatt på ein god måte. I samband med utarbeiding av ny arealdel vil det bli vurdert om det er behov for å oppheve gjeldande reguleringsplanar på grunn av manglande vurdering av naturfare eller klimaendringar.

- *Temaplan for klima og energi:* Det er behov for ein ny plan som er basert på dagens utfordringar og teknologi og som konkretiserer korleis kommunen skal følgje opp mål i samfunnsdelen om å redusere klimagassutslepp. Planen bør utarbeidast som kommunedelplan for å sikre god politisk forankring, medverknad og ein årleg rullering av handlingsdelen. Like viktig som ein oppdatert plan, er ein systematikk for å rapportere på klimagassutslepp og følgje opp fastsette mål. Miljødirektoratet har gitt tilskot til fleire større og mindre kommunar for å utarbeide ein systematikk for dette i 2020. Det kan vere ein fordel å vente med ny plan til 2021 for å kunne nytte erfaringane frå desse kommunane.
- *Temaplan for bustad:* Det er behov for ein temaplan som avklarar behov for bustader og tenester og fastset korleis kommunen skal ivareta bustadpolitiske og bustadsosiale omsyn. Planen bør ta for m.a. bustadforvaltning, tildeling, finansiering, organisering av bustadsosialt arbeid og bustad-planlegging. Dersom planen skal gje føringar for arealdelen, må den utarbeidast i 2020.
- *Temaplan for idrett og friluftsliv/kunst og kultur:* Det er behov for å fastsette kva politikk Midt-Telemark kommune skal ha for både idrett og friluftsliv og kunst-/kulturfeltet. For idrett og friluftsliv er det krav om at kommunen har ein plan for feltet for å kunne søke om spelemidlar. Det er avklart med fylkeskommunen at ny plan kan vente til 2023 av omsyn til kapasiteten. På kulturfeltet er behov for ein temaplan, mellom anna for å avklare ambisjonar for kommunen sin bruk av Gullbring kulturanlegg.
- *Temaplan for flyktning:* Det er behov for ein plan for inkludering og kvalifisering av flyktningar.
- *Digitaliseringssstrategi:* Det er inngått avtale med Nome kommune om å utarbeide ein felles digitaliseringssstrategi. Strategien bør gjennomførast i 2020.
- *Folkehelsestrategi:* Utfordringsdokumentet viser utfordringar for folkehelsa. Det er behov for ein strategi som konkretiserer korleis ein skal arbeide for å ta tak i utfordringane.
- *Parkeringsstrategi:* Jf prosjektplan for Bygdepakke Midt-Telemark skal det utarbeidast ein parkeringsstrategi i 2020. Det er behov for å fastsette ein politikk for korleis verkemiddel knytt til parkering skal nyttast for å nå overordna mål og korleis kommunen skal innrette seg for å følgje opp gjeldande nasjonale parkeringsforskrift som stiller krav til skilting, handheving, registrering m.m.
- *Kommunedelplan for kulturminne:* Det er behov for å revidere gjeldande kulturminneplan, men dette kan utsetjast til slutten av perioden og planen bør gjerast om til ein temaplan
- *Temaplan for helse, sosial og smitteberedskap:* Det er behov for å revidere planen etter koronaepidimien.

Direktoratet for mineralforvaltning oppmodar kommunen til å utarbeide ein eigen temaplan for mineralressursar. Kommunen er rik på sand-, grus- og skiferressursar, men ein plan for utvinning av desse bør løftast opp til regionalt nivå slik at ein kan vurdere desse på tvers av kommunegrenser.

## Andre arealplanar

For nye større bustadområde kan det vere behov for områdereguleringsplan for områdevise avklaringar før detaljeregulering. Dette vil vere ein kommunal plan, men kommunen kan overlate til private å utarbeide planen etter avtale. Arealdelen av kommuneplanen er no under utarbeiding, og kva område det vil vere behov for områderegulering for må vurderast i samband med denne.

## 8 Prioriterte planar i 2020-23

Kommunedirektøren si tilråding til prioritering av strategiske, overordna planar i perioden er vist i tabellen under. I tillegg vil det vere behov for fagplanar som i mindre grad omfattar politikk og ikkje er omtalt i planstrategien. Påbegynte planar er vist med feit skrift.

Plan	2020	2021	2022	2023
<b>Kommuneplanens arealdel</b> Endeleg vedtak planlagt 2.kvartal 2021	X	X		
<b>Kommunedelplan for helse og omsorg</b> Endeleg vedtak planlagt 1.kvartal 2021	X	X		
<b>Kommunedelplan for oppvekst</b> Endeleg vedtak planlagt 1.kvartal 2021	X	X		
<b>Kommunedelplan for teknisk sektor</b> Endeleg vedtak planlagt 3.kvartal 2020	X			
Kommunedelplan for klima og energi			X	
Kommunedelplan for Lifjell			X	X
<b>Temaplan for sykkel</b>	X			
<b>Temaplan for beredskap</b>		X		
Temaplan for helsemessig og sosial beredskap		X		
<b>Temaplan for trafikktryggleik</b>	X			
Temaplan for bustad			X	X
Temaplan for kulturminne				X
<b>Handlingsplan for vald i nære relasjoner</b>		X		
<b>Strategisk næringsplan for Nome og Midt-Telemark</b>	X			
<b>Frivilligstrategi</b>		X		
Digitaliseringsstrategi	X			
Folkehelsestrategi			X	X
Kulturstrategi			X	X
Områdeplan for Bø Sentrum				X

Kommunedelplan for kultur, fysisk aktivitet og frivillighet, temaplan for flyktning og parkeringsstrategien utsettast til neste planperiode 2024-2027.